




Ei kulturhistorisk vandring i eit område der det har budd folk heilt attende til eldre steinalder for 9000 – 10 000 år sidan.

An Social History ramble through an area where people have lived since the early stone age, some 9,000 – 10,000 years ago.



Steinalderstien går under Fosnstraumen.

Foto: Vidar Østerbø



Område på Straume der Steinalderstien går.

Foto: Rune Rydland

Rute og ymse av interesse

For å koma til utgangspunktet og parkering på Straume kai, tek vi av frå Rv565 til venstre like før Fosnstraumen bru når du kjem frå Radøy. Kjem du med båt, er det plass ved kaien, og du kan gå ein tur til avveksling for sjølivet. Du kan og sjå bu plassane frå sjøen. Løypa går i to retningar; - mot Rappeneset og langs Fosnstraumen mot brua, og kan delast i to alternativ:

Alt I: Tur frå Straume kai (1) til høgaste punktet i Rappeneset (3), om lag 2 km.
Tid: 1 time.

Alt II: Tur langs Fosnstraumen mot Ramvikneset (5) og brua (6). Ein liten avstikker til Bøneset (4), særleg dersom du vil fiska. Dette er ein kort tur – 15-20 minuttar – men du bør studera både «gamle bu plassar» og Fosnstraumen.

Route and places of interest

To get to the starting point and parking area at Straume Quay, turn left off the Rv565 just before Fosnstraumen bru (The Fosnstraum Bridge) when arriving from the direction of Radøy. If you arrive by boat you may park on the quay and you can take a walk as a change from the boating life. You can also see the old settlements from the sea.

The walk can be made in two directions – towards Rappeneset and along the Fosnstraum towards the bridge using the following routes:

Alt I: Walk from Straume quay (1) to the highest point in Rappeneset (6), about 2 km.
Time: 1 hour.

Alt II: Walk along the Fosnstraum towards Ramvikneset (2) and the bridge (3). A short diversion to Bøneset (4), especially if you're fond of fishing. This is a short walk – 15-20 minutes – but you should take time out to study the old settlements and the Fosnstraum.



Alt. I:

Denne gjennomgangen av løypa startar frå kaien på Straume (1). Stien til Rappeneset går bak naustmiljøet i Straumsvågen. Første delen går over innmark, som er brukt til kalvebeite. Det er laga to overgangar (tretrapper) for å sleppa problema med grindlukking. Etter ein bratt stigning kjem vi til eit skogkledd område. Herifrå går vi vidare i lyngkledd, lett kupert terreng til vi igjen kjem til ein litt bratt oppstigning til et høgaste punktet på Rappeneset.

Like før denne stigninga deler stien seg, og du kan velja kva veg du vil ta. Her finn du eit skilt (2) med orientering om buplassar i området og kor gamle dei er. Vel oppe på Utkikspunktet finn du eit skilt (3) som orienterer om buplassar m.v. Her kan vi sjå vide omkring, spesielt mot havet i nord, og i aust mot Masfjordfjella. Fosnstraumen bru ligg majestetisk midt i mot. Denne utsiktsplassen har nok vore mykje nytta tilbake i tida då buplassane låg utover langs neset.

Turen nedover frå Rappeneset går rundt på andre sida av neset i kupert terreng til vi kjem attende der stien deler seg, og så ber det attende til Straume kai.

Det kan av og til vere litt vanskeleg å sjå stien einskilde stader, men det er ikkje fare for å gå seg vill. Skilta er lette å sjå.

Alt. II:

Turen langs Fosnstraumen går først opp ei kleiv, og så inn i lauvskogen og over innmark. Du bør ta ein avstikker til Bøneset (4), der du finn eit skilt med orientering om funna her ute. Her kan du knyta fortid til notid, først og fremst ved at det i alle tider har vore ein god fiskeplass.

Tilbake på stien til Ramvikneset kan du la tankane fare ei lita stund. Langs Fosnstraumen har buplassane lege tett i tett. Den sterke straumen og dei store sjømengdene som fer inn og ut den trange passasjen, gjer at næringsoppbygginga vert stor og området svært fiskerikt. Då steinalderfolket busette seg her, budde dei like ved matfatet.

Skiltet ved Ramvikneset (5) står ved ein av basisbuplassane, utgraven i 1962-63. Funna her har hatt mykje å seie for steinalderforskninga på Vestlandet. Buplassen har ei «klassisk» lægje, plassert sentralt i Fosnstraumen. Her var det god livd, gode hamneforhold, tilgang på fersk vatn og godt fiske.

Ein sving bort til brufeste inviterer til å freista fiskelukka.

GOOD TUR!

Alt. I:

This route starts at the quay at Straume (1). The footpath to Rappeneset leads behind the boathouses in Straumsvågen. The first part runs through cultivated meadows where calves graze. Two styles have been installed to avoid gates being left open. After a steep ascent, you will find yourself in a wooded area. From here you continue through heather clad territory until you arrive at another steep ascent up to the highest point in Rappeneset.

Just prior to this ascent the path splits and you can choose the direction you wish to take. An information board has been erected here (5) with some facts and figures on the old dwellings. At the top of the incline you will another board (6) containing information about the dwellings etc. Enjoy the magnificent views of the sea to the North and Masfjord Mountain to the East. The Fosnstraum Bridge lies majestically directly in front of you. There is no doubt that this viewpoint has been a favourite for countless generations, back to the time when folk built their dwellings out along the point.

The walk down to Rappeneset (Rappe Point) takes you round the other side of the isthmus through broken country until you reach the point where the footpath divides from where you walk back to Straume Quay.

It may be a little difficult to follow the footpath in some places but don't worry about getting lost, signposts are easy to spot.

Alt. II:

The walk along the Fosnstraum starts off as a steep path before entering a deciduous wood and through farmlands. You should take time to visit Bøneset (4), where there is an information board describing the finds here. Here you can experience "the past in the present" – many generations before you have enjoyed the excellent fishing here.

Back on the pathway to Ramvikneset let your imagination take you back to a forgotten time.

Settlements were located close together along the Fosnstraum and the settlers lived well on the rich fishing provided by the strong currents and large quantities of seawater that rushed back and forth through the narrow passage. When stone age man settled here he was literally living next door to his larder.

The information board at Ramvikneset (2) is at the location of one of the main dwelling sites, excavated in 1962-63. The find has meant a great deal to research into life in the stone age in Western Norway. The site has a classic lie, situated at the centre of the Fosnstraum. Life here was good with a fine natural harbour, fresh water and good fishing.

Check the waters from the bridge – tempted to try your luck angling?

ENJOY YOUR WALK!

Hugs:

Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturan er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.

Remember:

The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.